



Åmli kommune

Helse og omsorg

SERVICEERKLÆRING

Korttidsopphald

Kommunane har ansvar for å leggje til rette for meistring av sjukdom og nedsett funksjonsevne og sikre at den enkelte får moglegheit for å leve og bo sjølvstendig. Helse- og omsorgstenestene skal være forsvarlege, heilskapleg, koordinerte, verdige og tilpassa den enkelte sitt behov (Helse og omsorgstenesteloven § 1.1 og § 4.1).

MÅLSETTING:

- Gje deg med behov for eit kortare opphald på sjukeheimen med fokus på rehabilitering, opplæring og/eller behandling, eit tilbod som dekker dine grunnleggande behov og nødvendig helsehjelp, fram til du skal heim igjen.
- Du som mottar tenesta skal oppleve respekt, føreseielege tenester og tryggleik i forhold til tenestetilbodet.
- Åmli Pleie og omsorgssenter skal yte gode, forsvarlege tenester

KVEN KAN SØKE?

- Alle som oppheld seg i kommunen og som har behov for nødvendig helsehjelp.
- Også pårørande, sjukehus, fastlegar og verje kan søke på vegne av nokon.

KVA SLAGS TENESTER KAN VERA AKTUELLE?

Korttidsopphald vil innehalde individuelle mål, som er utforma i samarbeid med deg som pasient, råd frå behandlarar t.d. sjukehuset og avdelinga sine føresetnader.

På grunnlag av mål kan fleire tenester være aktuelle som t.d.:

- Opptrening og rehabiliteringstiltak
- Kartlegging av funksjonsnivå
- Lindrande behandling og omsorg
- Medisinsk behandling
- Råd og vegleiing i forbindelse med sjukdom og meistring av livssituasjon
- Tilpassing av hjelpemidlar
- Medikamenthandtering
- Støtte og vegleiing til pårørande
- Ernæringstiltak
- Kartlegge uavklarte problemstillingar bl.a knytt til funksjonsnivå, meistringsevne, døgnrytme og kognitiv svikt. Kartlegge omsorgsbehovet med tanke på utforming av vidare tenestetilbod



Åmli kommune

Helse og omsorg

KVA KOSTAR TENESTA?

- [Forskrift om eigenandel](#) for helse- og omsorgstenester gjelder
- Korttidsopphald kostar for tida(2024) Kr. 193,- pr. døgn inntil 60 døgn pr. år
- Etter 60 døgn, er det [forskrift om vederlag](#) for institusjon som gjelder.

KVA KAN BRUKAREN FORVENTA AV KOMMUNEN?

- Målet med opphaldet skal være klart definert og skal prege hele opphaldet og tenestetilbudet
- Det utarbeidast ein tiltaksplan som er spesielt tilpassa dine behov
- Livssituasjon og tenestebehov etter opphaldet planleggast frå første dag, i samarbeid med de relevante fagpersonar som fastlege, heimesjukepleie, ergoterapeut og fysioterapeut
- Personalet tar omsyn til deg som pasient, viser respekt og forståing
- Teieplikta overhaldast
- Det blir gitt beskjed om endringar på tidspunkt eller anna endring.
- Vi jobbar med prinsippet «hjelp til sjølvhjelp». Vi ønsker å stimulere og hjelpe deg til å styrke egne evner og ferdigheiter for betre meistring i kvardagssituasjonar og bidra til økt sjølvstende
- Personalet skal legge til rette slik at du kan være en aktiv deltakar i din eigen kvardag
- Vi viser respekt for deg og ditt privatliv. Rommet er ditt private område.
- Du får den bistand som vedtaket omfattar.
- Ved utskriving, dekker kommunen reisa heim.

KVA FORVENTAR KOMMUNEN AV BRUKER/PÅRØRENDE?

- Du deltar aktivt i de behandlings- og rehabiliteringstiltak som settast i gang. I innkomstsamtalen spørjast det om «Kva er viktig for deg?», dette legger grunnlaget for tiltaka som kan bygge opp om dette målet.
- Du har motivasjon til eigeninnsats ved opptrening i avdelinga.
- Du deltar aktivt i utforminga av dine egne mål for opphaldet, i planlegging av tiltak, samt tenestebehov etter utskriving
- Du seier frå til oss når du har noko du vil ta opp.
- Du godtar at hjelpemidlar blir tilpassa og nytta.
- Det er viktig for pasientar å ete i sosialt fellesskap. Dette også fordi det vil være en god trening å gå inn og ut til alle måltid
- Du samarbeider og møter den enkelte tenesteytar med respekt.
- Det blir respektert at personalet er underlagt teieplikta.
- Det er ikkje akseptert med åtferd som trakassering, vald eller truslar.
- Er du røyker så må du respektere at det ikkje kan røykast inne på ÅPOS. Det er tilrettelagt for å røyke på anvist sted rett på utsida av bygget.
- Pårørande hjelper deg med din økonomi der det ikkje er oppnemnt hjelpeverje eller du gjer det sjølv.
- Privattøy skal merkes med namn dersom det skal vaskast på ÅPOS

TENESTEN OMFATTER IKKJE:



Åmli kommune

Helse og omsorg

- Det ytes ikkje hjelp til funksjoner som bruker kan klare sjølv
- Frisør
- Fotpleie
- Handtering av pengar, bank- og posttenester
- Transport og følge til timeavtaler sjukehus, tannlege, optikar etc, dette må bruker sjølv eller pårørande ordne

KORLEIS GÅ FRAM FOR Å SØKE OM KORTTIDSOPPHALD

Du søkar på tenesta sjølv, eller nokon søkar på vegne av deg t.d. sjukehuset eller pårørande. Det finnst eige [søknadsskjema](#) til dette på kommunens heimeside og søknaden sendast til tenestekontoret.

- Tenestekontoret kontaktar deg for eit kartleggingsbesøk, vurderer og tildeler tenesta
- Du må ha behov for rehabilitering, opplæring eller behandling som ikkje kan utførast i eigen heim.
- Du må sjølv ønske og være motivert for eit slikt opphald
- Det er viktig å forstå at målet med eit korttidsopphald er at du skal trene på aktivitetar som gjer deg i stand til å bu vidare i eigen bustad
- Sjekk også [tildelingskriteriene](#) i kommunen på heimesida
- Du kan klage på tildelt teneste, dersom du ikkje er nøgd

KONTAKTINFORMASJON:

Tenestekontor:

E-post tjenestekontor@amli.kommune.no

Telefon [90 13 59 98](tel:90135998)

Mobil [90 13 59 98](tel:90135998)

Korttidsopphald:

Sjå kommunens [heimeside](#)